

Emnenr. 36
 Tilleggsspørsmål nr.
 Emne: Helsing, fakte og atferd
 Oppskr. av: A. J. Rise
 (adresse): Myåen, Oppdal

Fylke: Sør Trøndelag
 Herad: Oppdal
 Bygdelag: Helst Drivdalen og Nordskogem.
 Gard: Nordmyåen
 G.nr. 33 Br.nr. 1

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *mest det.*
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Fakte nikkas for "ja" og rister litt på hovudet for "nei".
2. Dei helste gjerne (litt) på alle dei måtte, og kunne stause opp og seie som så: "Er det framand fakte ute og fer?", kvar kjem den mannen ifrå?" el.l. Men i ei seinare tid måtte ein framandi menneske som ikkje helste, eller gav ein løve til å helste "ut i deret" eingong. Euda seinare har ein erntrykk av at landsfolk har plaga framandi så lenge med helsing at det kan bli både soara og gjort helsing først på uvventa kant.
3. Det var vel helst dei eldre, om det da kunne dra nokon fast regel.
4. I eldre tid sa dei "godt mat (måte)" seinare "god dag" og god kveld. "Er den mannen (eller så langfara falk) ute så seint på daga?" Er velgjenta (velgjøten) ut og går" el.l.
5. 1 ja. 2 nei. 3 tok gjerne til hatten (håra).
6. Ukjent no, kva som, i tilfelle, var meint.

5. 2 /
7. Ja, visst litt meir serleg helsing i helgaleitetom.

8. F alle slag høgtidlege lag, brudlaup, likferd mm. Og dette & vanleg dagen i dag. På dei aller minste ikkje vanleg med haudhelsing, men berre sa eit ord om alder, storleik osv.

9. Å ja, men sjeldan i nyare tid.

10. Kauskje, men uklårt. (Mest kjent ved malerstykke av millit. Angälväs.)

11. Her var det (og & det enno) den skikkeken å stause opp og stå stille attmed segur med likferdsfølget for framom.

Til brudfølge var det i eldre tid skikk å skyte attmed segur til are for paret. (eller eldot: for å skremme vonda vette bort frå dei unge.)

12. Nei, men visst på tussefalk.

13. Det har, i alle fall no, vorte svøvende sia uttrykka "åbit", middag, "non" o.l. vart meir avlogt. Det vart ^{god morn;} "god dag" og "god kveld" — s ^(som figur) "god natt".

14. Ikkje no.

15. nei.

16. Kring 1910-15, da "morn, morn" kom i staden for "far vel" (med meinug i) reagerte folk sterkt her. Og same kjemner visst t.d. ordet "adjö" (i same bygder "attli-ø") som om ein sa far vel, eg ser deg aldri meir. —

p. 3
17. Undateke "Guds fred" brukte ein alle dei nemnde segne-orda. Og eldre folk har bruka dei til no.

18. På slike helsingar svara dei gamle her: "Gå segr=deg".

Ordet "Primsegne" er vel eit uttrykk av eit anna slag. (Oppdalsboka I s. 277.)

19. Ja gjerne: "God dag i huset", e.l.

20. Bad han med ut. Ellr husefaren tok ein med inn i eit anna rom.

21. Sjeldan av g. hja bondefolk, før ettr 1900.

22. ~~23~~ "Kom", ellr "kom inn".

23. Ja.

24. Venta gjerne til han vart beden til å setje seg innpå.

25. mange former for dette her: "Du må leit (lite) deg innpå og sitt", (serleg når dei i huset hadde for seg arbeid som tok opp mykje rom på golvet). Du må sjå at å få sitt, ellr bene "Innpå og sitt". På skjært brukte dei flire seiemåtar til velkjunde erendssveinar; t.d.: "Sett deg må (medan) du står, ska du få kaffe fæinn (föt) du går".

26. Ja.

27. Det vart vel omme.

28. Til framande sette ein fram ein stol. Og eingang var det vist ein regel å stryke over stolsetet t.d. med foriklede, om eitkvart sutlet eller risket kunne vera att de ettv arbeidsbruk.

Ute kunne dei seie ~~om~~ om einvæn framand kom, iøvnta: „E a-itt så go at eg kjemne dakk“ el.l. Og „Gakk inn“ t.d. eller ^(de plire) „Gangse inn“ og vara velkome.“

29. sjå 28.

30. „Dü mä lävä så vel, og komä snart att.“ ~~Ja~~ „Ja, da gjöre e vel“ el.l.

31. a) Kunne ta ikring kvarande og seie: „Da mä-itt dryggjast leng fainn oss höre frå kvarander.“
b) Sa helst inke. Det var auge som tala.

32. Ikkje opent vauleg, det eg først minnest for kring 70 år sia.

33. Forelde og born. Og så var det vist skikk at t.d. mora let barnet kypse over gode vener og kjinningar. Seinare avlagt.

34. Ja. „Gje männ“ t.d.

35-36-37. nei visst ikkje vanleg;
(men dei bad berre taake med
"vakkerrånda" d.v.s. høgre handa.)

38. Jfr. 34. (men om kjaling ^{og sein} sa dei
vel helst. Ska du vara go me to
Gomor? t.d.)

39. Ja, å "lyt nasom".

40. Visst alle.

41. Ja. No tok eg nasin dii.

(Mellom dei nemnde fingerane stakk
dei tåmasfingerantupper som skulle
"syne" at der var nasen komen.)

42. Ja, å gje godkjek og gje godligg.

43. Sjeldan apentert millom vakre.

44-45. For sa dei helst "Te lakk"
(til lykke), seinare: "E må gratuler"^g

For sa same t.d. "Gledeleg júl", andre:
"Te lakk me julin". No helst "God júl".

46. "E har tenkt på dokk i denne tia".
Eller sa dei da jelt lite med mannen.
Seinare "Kondalere", som ein kjende
meis som eit sitat.

47. Med munn og hand, visst da ofte
med begge hendene.

Var dit t.d. ei gave eller hjelp
ein sette serleg pris på kunne ein
seie: "E vil takk-deg langt oppå
armann".

6/ 48. Inne i heimen, der aalidne
vart "teke ut" var det ein høvesmann
som heldt tale. Dette kalla dei å
"tala-ut like".

49. Ned å vende ryggen til. Og
på grovaste måte — etter gammalt folkeminn
— ned å ta seg bak, og å løfte på
stokken. (Kan her vise til gamle
rettsformer i Oppdalsboka II s. 268 om
denne utgamle forma for "dompelling".)

50. "Du" til folk i dagleg omgang.
"De" til framande, og (tidlegare) til
embetsfolk i bygda. No er det
mindre skilnad.

51. Det er vel helst som eit svensk
sitat.